

Pressemelding

Fredag 6. mars 2020

21 057 elevar søkjer vidaregåande skule i Vestland

21 057 elevar med ungdomsrett vil gå på vidaregåande skule i Vestland. Tekniske og maritime fag er igjen blitt svært etterspurde.

Fristen for å søke plass i dei vidaregåande skulane i Vestland gjekk ut 2. mars. Tala viser at det totalt for heile Vestland er relativt stabil søking. For søkjarar med ungdomsrett er det ein nedgang på 100 søkjarar frå i fjor. Elevar med ungdomsrett har lovfesta rett til vidaregåande opplæring.

Dei tekniske og maritime faga er igjen svært etterspurde. Søkinga til teknikk og industriell produksjon (TIP) viser ein auke på 50 søkarar med ungdomsrett til 1070 på vg1. Desse faga fekk og stor auke i søkinga i fjor med 190 fleire elevar i høve året før.

Dei største yrkesfaga, helse- og oppvekstfag, opplever ein reduksjon i søkartala med 83 til 1175. Søkjarane konkurrerer om 1108 elevplassar på vg1.

Nedgang på studiespesialisering

Søkinga til vg1 studiespesialisering viser nedgang med om lag 10 prosent færre søkjarar enn i fjor. Totalt søker 2825 elevar med ungdomsrett plass på studiespesialiserande fag mot 3153 søkjarar i fjor. Søkinga til musikk, dans og drama har derimot gått opp med om lag 50 søkarar.

Fleire elevar med ungdomsrett vil ha opplæring i bedrift. I alt er det 2072 søkjarar. Det er 35 fleire enn i fjor.

Nye yrkesfag

Fire nye yrkesfaglege utdanningsprogram blir oppretta frå komande skuleår og har desse søkjarane med ungdomsrett:

- Sal, service og reiseliv: 238
- Informasjonsteknologi og medieproduksjon: 128
- Handverk, design og produktutvikling: 34
- Frisør, blomster, interiør og eksponeringsdesign: 108

Informasjonsteknologi og medieproduksjon er eit heilt nytt utdanningsprogram, mens dei andre inneheld programområde frå tidlegare utdanningsprogram.

Vidare tidsplan for inntaket til vidaregåande skular i Vestland:

8. juli	Første inntak
22. juli	Svarfrist første inntak
29. juli	Andre inntak
5. august	Svarfrist andre inntak
10. august	Tredje inntak
17. august	Første skuledag

For meir informasjon:

Fylkesdirektør Bjørn Lyngedal, Bjorn.Lyngedal@vlfk.no | mobil: 950 33 770

Assisterande fylkesdirektør, Bekka Skaasheim, Bekka.Skaasheim@vlfk.no | mobil: 415 30 956